

Langsiktighet,
sikkerhet og
best pris



gjensidige-nr.no  **GJENSIDIGE**
Nordmøre og Romsdal

BRANNVARSLING NYTTER!



Til nå har mer enn 16 500 av våre forsikringstakere sikret folk, dyr og verdier med brannvarslingsanlegg. Det har vi i fellesskap spart mer enn 200 millioner kroner på, hvert år de siste årene.

Kontakt oss på 03100, se gjensidige-nr.no eller kom innom vårt kontor.

Bank - Forsikring - Sparing

PÅMELDING: Innan 20. juli
til turistvert Eystein Opdøl
- helst på e-post: post@innerdalen.com

NB: Etter 20. juni må bestilling skje via tel. 71 69 77 96 (evt. mob. 91 32 31 99).

Ved påmelding- oppgi navn, adresse, telefonnr, ønske om overnatting, og om du ønsker å delta på kurs om sauen i kulturlandskapet (laurdag eller søndag) eller tilsyn i beiteområde (for begge kursa, sjå omtale).

OVERNATTING

Renndølsetra: Rom på setra, tel. 71 69 77 96
Telt (kr. 50,- pr. natt pr. pers.)

Innerdalshytta: Rom på hytta, tel. 71 69 79 90

Ålvundeid:

Rødset gard: Hus og hytter, tel. 71 69 77 30/91 57 72 86
www.roedset.no

Øyastuo: Hus, telefon 71 69 79 50

PRIS PÅ AKTIVITETETAR

Deltakarane betalar sjølve for overnatting og mat.

Kurs om tilsyn i beiteområde og sauen i kulturmandskapet har deltakaravgift.

Tilsyn i beiteområde, skadedokumentasjon jerv:
kr. 600,- inkl. lunsj på Innerdalshytta (sjå omtale)

Sauen i kulturlandskapet: kr. 250,-

Faktura vil bli tilsendt etter festivalen.

SLIK KJEM DU TIL INNERDALEN

Frå Sunndalsøra: Køyr riksveg 70 til Ålvundeid. Her står det skilt til Innerdalen. Parker bilen på parkeringsplassen heilt i enden av vegen (Dalen). Herifrå er det om lag 3 km å gå fram til Renndølsetra.

Frå Surnadal: Ta riksveg 670 til fergeleiet Kvanne-Rykkjem. Køyr vidare til Ålvundeid. Følg skilt til Innerdalen (sjå over!)

ARRANGØRAR

Møre og Romsdal Sau og Geit
Møre og Romsdal fylke

Velkomen til Sauefestivalen 2008



Innerdalen
i Sunndal
23. og
24. august



Møre og Romsdal fylke



Møre og Romsdal Sau og Geit



www.nsg.no

www.mrfylke.no

Sauefestivalen 2008

Velkomen til Innerdalen og sauefestival! Sauen har lange tradisjonar i Innerdalen. Landskapet her er prega av beitedyr som har beita her gjennom generasjonar. I to heile dagar skal sauene vere i sentrum! Her skal du få oppleve sauene i sitt rette element: i utmarka, som kulturlandskapspleiar, i samspel med gjetarhund, som objekt for sauedommarane sine kritiske blikk, og sist men ikkje minst- som ei fantastisk smaksoppleving! Vi har lagt opp til eit spennande program, og vi vonar alle vil få nokre fine dagar i lag, både fagleg og sosialt. Vi gler oss!

Program:

Laurdag 23. august

12.00	OPNING v/ fylkesmann Ottar Befring Kulturelle innslag
13.00	TILSYN I BEITEOMRÅDE, skadedokunemtasjon jerv, teoridel m/Lars Olav Lund, SNO Kurset tek til på Innerdalshytta med lunsj for deltakarane
14.00	GJETARHUNDDEMONSTRASJON m/Odd Bjarne Bjørdal
15.00	SAUEN I KULTURLANDSKAPET m/Yngve Rekdal, Skog og Landskap Teoridel på Renndølsetra, vandring i Innerdalen.
frå 16.00	LAM I GROP. Vi kjøper middag.
19.00	UNDERHALDNING: Hørkelgaddan og lokale artistar
20.00	DANS

Søndag 24. august

08.00-10.00	FRUKOST
09.00	TILSYN I BEITEOMRÅDE, SPORING AV JERV I RENDALEN m/Lars Olav Lund VOKTARHUNDDEMONSTRASJON
10.00	SAUEN I KULTURLANDSKAPET m/ Yngve Rekdal Teoridel på Renndølsetra, vandring i Innerdalen (same program som på laurdag)
11.00	GJETARHUNDDEMONSTRASJON m/ Odd Bjarne Bjørdal
12.00	BEKKERBEDØMMING m/ konkurranse
13.00	RØMMEGRAUT MED SPEKEMAT AV SAU
14.00	AVSLUTNING m/helsingar og kulturelle innslag

PÅ SETERVOLLEN LAURDAG OG SØNDAG

- Natusti v/4H
 - Toving
 - Riding
 - Eksteriørdømming av verar -konkurranse
- Salsboder
 - Kunstutstilling
 - Utstilling av ulike saueraser
 - Presentasjon av vokterhundv og mykje anna!



Yngve Rekdal
Norsk institutt for skog og landskap

Yngve Rekdal er frå Sunndal, og er soleis godt kjent i fylket vårt! Han har vore ansatt i Norsk institutt for Skog og Landskap sidan 1981, og har jobba mykje med vegetasjonkartlegging. Dei siste åra har arbeidet hans i hovudsak dreid seg om utvikling av vegetasjonkart som reiskap for beitenæring.

Utmarksbeite er fundamentet for saueneinga, men kunnskapen om beite og beitebruk er varierende. Yngve Rekdal vil gjennom forelesing og synfaring i terrenget gje eit innblikk i korleis ein vurderer beitekvalitet og beitekapasitet. Viktige vegetasjonstypar og beiteplanter blir gjennomgått. Attgroing er av dei største trugsmåla mot utmarksbeita no. Skjøtselstiltak i utmark vil derfor vera eit viktig tema. Andre aktuelle tema som blir teke opp, er sleppe- og sanketidspunkt og sambeiting mellom ulike dyreslag. Det same kurset haldast både laurdag og søndag, slik at alle får høve til å vere med. Yngve har dessutan med seg både gitar og fele til festivalen!



Lars Olav Lund
Statens naturoppsyn (SNO)

Lars Olav Lund har vore tilsett i SNO i snart 20 år, og har dei siste åra vore rovviltansvarleg i Møre og Romsdal med base i Rindal. Det er han som har ansvar for bestandsregistrering av store rovdyr, spesielt jerv, og skadedokumentasjon på bufe og rein kor en har mistanke om at freda rovvilt er skadevoldar.

Laurdag vil Lars Olav ha ein teoridel om skadedokumentasjon jerv på Innerdalshytta etter ein kulinarisk lunsj same stad. Søndag vil han ta oss med på ein 4-5 timars tur inn i eit viktig beiteområde for sau, og fortelle om sporteikn, og korleis ein skal forhalde seg dersom ein finn kadaver som truleg er drept av jerv. Vi vil også få med oss ein vokterhund på denne turen, dersom han ikke er oppteken i området der han normalt går patrulje. Deltakarane må vere kledd for fjelltur. Ta gjerne med matpakke, drikke og kikkert!

